

## Utpeiking av representantar til Overordna samarbeidsutval for Nordhordland.

### Bakgrunn:

Regionrådet i Nordhordland har i møte drøfta sak om kommunane sin representasjon i Overordna samarbeidsutval for Nordhordland. Regionrådet vil tilrå at ein vidarefører ordninga med ei samansetjing med representantar frå politikk, administrasjon og fag, og at det i størst mulig grad bør sikrast gjennomgåande representasjon i Helseutvalet og i Samarbeidsutvalet.

Regionrådet har bedt NUI førebu ei felles sak til alle kommunane om representasjonen i Overordna samarbeidsutval for Nordhordland.

Regionrådet tilrår at saka får ei lokal handsaming, der kvar kommune formelt utpeikar fast- og vararepresentant til samarbeidsutvalet og gir denne eit mandat.

Overordna samarbeidsutval for Nordhordland(SU) er eit av fire samarbeidsutval mellom Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale sykehus og kommunane i føretaksområdet.

Utalet har medlemmer frå 8 kommunar; Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy og er ein sentral møtearena for samarbeidet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta. Utvalets hovudfunksjon er å ivareta og vidareutvikla eit godt fagleg og organisatorisk samarbeid mellom tenestene.

Overordna samarbeidsavtale mellom sjukehusa og 23 kommunar i Helse Bergen sitt føretaksområde vert lagt til grunn for arbeidet i utvalet. I samsvar med avtalen skal den enkelte kommune utpeika representant til SU(fast- og vararepresentant). Representasjonen frå kommunane i Region Nordhordland er fordelt mellom politikk, administrasjon og fag.

Kommunane sin representasjon har endra seg sidan oppnemninga av representantar i 2012, tilsette har slutta og skifte av ordførarar i kommunane fører til at det blir endringar i kommunane sin representasjon i SU.

Det er viktig at den som møter i samarbeidsutvalet er kjend med avtaleverket, og har naudsynt mandat frå sin kommune om å representera.

Overordna samarbeidsavtale og vedtekne tenesteavtalar er å finna på  
<http://www.saman.no/2134.961.Samarbeidsavtalar.html>

Ber om at namn og kontaktinformasjon for fast- og vararepresentant frå kvar av kommunane vert sendt til;  
Anne Hildegunn Færøy - [ahf@nordhordland.net](mailto:ahf@nordhordland.net)

Kommunale representantar i overordna Samarbeidsutval for Nordhordland pr. august 2015:

Kommune	Fast repr.	Vara repr.
Austrheim	Peter Kubon, kommuneoverlege	Jarle Gallefoss, kommuneloge 2
Fedje	Ernst Horgen, kommuneoverlege	Vidar Bråthen, rådmann
Masfjorden	Karstein Totland, ordførar	Marit Steinestø, varaordførar
Meland	Tord Molsumyr, kommuneoverlege	Nils Marton Aadland, ordførar
Modalen	Knut Moe, ordførar	Oddvin Neset, ass.rådmann
Lindås	Terese Folgerø, kommuneoverlege	Tove Legernes, sjukeheimslege
Osterøy	Odd Ivar Øvregård, rådmann	Mette Fauskanger, seksjonsleiar for Helse, omsorg og sosial
Radøy	Johan Sandal, kommunalsjef helse og omsorg	Jarle Landås, rådmann

Vedlagt til brevet:

*Overordna samarbeidsavtale mellom sjukehusa og 23 kommunar i Helse Bergen sitt føretaksområde*

Knarvik 5.januar 2016

Anne Hildegunn Færøy  
Samhandlingskoordinator  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS  
Tlf. +47 56 37 58 84 | Mobil +47 41 44 12 08